

Tverrprofesjonelt samarbeid i utdanning – utbytte for yrkesfeltet?

Ann-Iren Høgalmen, Lektor, og Roar Stokken, Førsteamanuensis, Høgskulen i Volda, ISF

Høgskulen i Volda har i fleire år gjennomført eit tverrfagleg fagseminar for dei sosialfaglege og pedagogiske utdanningane. Seminaret skal førebu studentane ved barnehagelærer-, grunnskulelærer, sosionom- og barnevernsutdanningane på komplekse oppgåver i deira komande yrkesfelt.

Målet med seminaret er å gi studentar ved profesjonsutdanningane ein felles kunnskapsbase, erfaringar med tverrprofesjonelt samarbeid, og ein felles kompetanse som vanskelegstilte barn har behov for. Grunntanken er at studentane skal få etablert ein felles kunnskapsbase som fører til større gjensidig forståing og respekt for kompleksiteten i kvarandre sine yrkesroller og ansvarsområder.

I denne studien undersøker i kva grad studentane kan identifisere og rapportere om ny kunnskap og utvikling av felles kunnskap og felles kompetanse. Og i kva grad samarbeid med studentar frå andre utdanningar også har bidrege til utvikling av meirviten i form av alternative idear og løysingar i møte med vanskelege saker.

Vi har gjennomført ei nettbasert spørjeundersøking blant dei som deltok på seminaret i januar 2017. Skjemaet inneheld både kategorisvar og tekstfelt. Undersøkinga fokuserer på utvikling av felles kunnskap og forståing som kan bistå den einskilde i utvikling av eigen profesjonsidentitet gjennom møte med andre profesjonar sin kunnskapar og forståingar.

Vi finn klare ulikskapar i opplevd nytteverdi mellom profesjonsgruppene. Presentasjonen gir innsyn i desse skilnadane.

Vi ønskjer å diskutere kva som kan vere nyttig å ta omsyn til i vidareutviklinga av seminaret.